



SAKSFRAMLEGG

K - Forslag til sti og løypeplan for Vrådal skisenter - Høring og offentlig ettersyn

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	20.03.2025	20/25

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør Laila Thorsen 12.03.2025.

Vedlegg

- 1 Utkast sti og løypeplan Skaara
- 2 Sti og løypeplan Vrådalpanorama AT Skog 2021

Faktiske tilhøve

Interkommunalt plankontor har mottatt forslag til sti – og løypeplan for Vrådal skisenter og områdene rundt. Forslaget er utarbeidd av Skaara Arkitekter v/ Jo Daniel Storengen.

I forbindelse med vidareutvikling av Vrådal Panorama er det utarbeidd forslag til sti – og løypeplan. Dette er gjort for å koordinere stiar, løypar, for å sikre friluftsliv og verdifullt naturmangfald. Denne planen bygger vidare på tidlegare utkast til sti- og løypeplan som vart utarbeidd av AT-skog, datert 11.05.21.

Forslaget kjem som ein del av reguleringsplanarbeidet for området BFR6 - Øvre Stemnetten. det er satt rekkefylgje krav i kommuneplanens arealdel som stiller krav om at det skal utarbeidast ein sti- og løypeplan for dei delane av villreinområdet som ligg på gnr 1 og bnr 14 før ein kan vedta ein detaljreguleringsplan for området BFR6.

Vurdering:

Det er villreininteresser i område. Løypenettet frå toppen av skisenteret og sørover mot toppen av Hægefjell ligg innafør omsynssoona for villreinen i Våmur-Roan.

I sti- og løypeplanen som ligg som vedlegg er det laga ei klassifisering og retningsliner til løypene. Sti- og løypenettet er delt inn i 3 kategorier. A, B, og C. Det er også laga retningsliner og føresegnar som seier at alle tiltak etter pbl er søknadspliktige.

Viser elles til dei vurderingane og fagnotatet som er gjort i arbeide med forslag til sti- og løypeplan.

Kommunedirektøren støttar seg til dei vurderingar og konklusjonar som er gjort i arbeidet med forslaget.

« *Vrådal Panorama støtter forslag til fagnotatet, som også anbefales i uttalelsene fra Villreinnemda for Setedalsområdet i 2022. Hovedgrepet er å kanalisere turgåere til eksisterende løypenett, slik at villreinsens areal ikke påvirkes ytterligere.*

Vinterløypene vil ikkje prepareres ved observasjon av villrein, noe som i praksis vil redusere menneskelig aktivitet til null.

Eksisterende løyper merkes tydeligere og det oppføres informasjonsskilt om villrein og tiltakene for å ivareta villreinen i området ved inngangen til fjellområdet.

Om sommeren vil det skiltes langs stien ved observasjon av villrein. Oppgradering og utvidelse av stier og løyper i nærområdet, som en del av planforslaget, vil kunne bidra positivt til å lede menneskelig aktivitet bort frå villreinområdene.

Plan- og bygningsloven § 12-7 gir hjemmel for bestemmelser for å sikre naturmangfold, også utenfor planområdet og for eksisterende stier og løyper. Det anbefales at de aktuelle tiltakene inkluderes i bestemmelsene for detaljreguleringsplan for Stemnetten, planid 2021001. tiltakene vil da bli bindende etter plan- og bygningsloven med tilhørende sanksjonsmuligheter.»

Kommunedirektøren sin tilråding:

Kviteseid formannskap vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 å legge ut forslag til sti- og løypeplan for Vrådal skisenter/Panorama/Stemnetten ut til høyring og offentlig ettersyn.

Planforslaget sendast ut til naboar, berørte og offentlege myndigheiter.

--slutt på innstilling--

Formannskapet si handsaming av sak 20/2025 i møtet den 20.03.2025

Handsaming i Formannskapet 20.03.2025

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

Vedtak i Formannskapet 20.03.2025

Kviteseid formannskap vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 å legge ut forslag til sti- og løypeplan for Vrådal skisenter/Panorama/Stemnetten ut til høyring og offentlig ettersyn.

Planforslaget sendast ut til naboar, berørte og offentlege myndigheiter.

--slutt på innstilling--

--- slutt på saksprotokoll ---
